

## Innspel til skisse til ny studieordning.

Ernst Nordtveit

Sidan eg leia studieordningskomiteen er mitt utgangspunkt sjølvst at eg framleis stiller meg bak dei framlegga vi kom med, men eg kan sjølvst vera med på å drøfta alternativ. Eg vil ikkje koma med ein gjennomgåande uttale til dei skissene som er lagt fram, men peika på nokre generelle problemstillingar og så vil eg kom med eit konkret framlegg knytt til perspektivfag.

### I

1. Ei studieordning basert på «flikking» på den ordninga vi har er vanskeleg. Det inneber flytting av fag, men slike praktiske tilhøve som semesteravgrensinga til 30 sp og andre tilhøve skaper vanskar med å finna optimale løysingar. Fakultetet prøvde seg på ei slik flikking i 1997 og det vart ingen suksess, men førte fram til erkjenninga av at vi måtte ha ei ny studieordning, som kom i 2003. Slik sett kan ein seia at den var nyttig.
2. Studiet må setjast saman som ein heilskap der siktemålet er at studentane når dei har gjennomført heile studiet har tileigna seg den innsikt og forståing som gjer dei til juristar. Det må skje ei oppbygging av den metodiske forståinga gjennom studiet. Det er ikkje ei god løysing å samla fag som kontraktsrett, forvaltingsrett m.m. i store blokker. Dei meir «enkle» delane og det som går på stifting av rettar og rettshøve må koma først. Avtalerett er eit fag som ikkje berre er viktig i kontraktsretten, men også i høve til andre formuerettslege fag, særleg tingsrett der avtalar spelar ei stor rolle (sameigeavtalar, servituttavtalar m.m.). Av same grunn meiner eg erstatningsretten bør koma tidleg fordi den dreier seg (også) om stifting av rettar, i tillegg til å vera ein sanksjon mot rettsbrot som har interesse i kontraktsrett, tingsrett og forvaltingsrett til dømes.
3. Problemet i vårt miljø er at alle faglærarar med om lag like stor rett kan hevda at deira fag er viktige og vanskelege og må studerast samla og helst seint i studiet fordi dei krev så høgt refleksjonsnivå. Gjev ein etter for dette så får ein ikkje til ei god samla studieordning.
4. Ein veikskap ved alle skissene er slik eg skjønar det at ingen av dei vil oppfylle krava til ein bachelor med høve til utanlandsopphald og bacheloroppgåve. Eit høve for studentane til å ta utanlandsopphald i bachelordelen og så gjennomføra eit konsentrert to-årig masterstudium hos oss i avslutningsfasen ville i seg sjølv vera ei vesentleg styrking av utdanninga, og særleg av 5. året.

Eg vil spela inn eit framlegg som kan vera eit kompromiss mellom studieordningskomiteen sitt framlegg og dei som er mot linjedeling som vi la opp til.

### II

#### Perspektivfag. Rettsøkonomi.

Når juristar skal skjønna verknaden av rettsreglar og rettslege avgjerder er det viktig at dei har kjennskap til grunnleggjande analyseverktøy. Juristar operer med «reelle hensyn» som rettskjelde, men har ofte inga grunnleggjande forståing for korleis rettsreglar, reguleringar og rettslege avgjerder verkar, ut over den allmenne fornuft, som ikkje alltid strekk til. Juristar skal i dag forhalda seg til fagfolk innan økonomi og andre samfunnsvitskapar, medisin, naturvitskap og teknologi, som vil forventast at juristar er i stand til å forstå og forhalda seg til dei vitskaplege resultatane desse vitskapane har kome fram til.

Dersom juristar skal ha ei vesentleg rolle i samfunnsstyring og utforming av reguleringsmekanismer for handtering av komplekse samfunnsproblem, må dei kunne ta inn over seg resultat frå andre vitenskapar og vera i stand til å utvikla og forstå regelsystem som på ein meir avansert måte enn tradisjonelle forbod og påbod kan påverka samfunnsutviklinga i den retninga ein ynskjer.

Rettsøkonomien, som er ein vitenskap som prøver å analysere verknaden av rettsreglar og rettslege avgjerder ut frå økonomiske analyser («economic analysis of law») er ein raskt veksande vitenskap både i USA og i Europa. Det er ein vesentleg mangel ved våre kandidatar at dei (i motsetnad til Oslo-studentane til dømes) ikkje kjenner grunnleggjande omgrep og samanhengar som forklarar verkemekanismane i retten.

Eg foreslår difor at rettsøkonomi inngår i studiet som eit perspektivfag eller som del i eit meir omfattande perspektivfag. Meir omfattande argumentasjon for dette kan eventuelt ettersendast.

I all hast.

Bergen 19. januar 2018

Ernst Nordtveit